



**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Fylkesutvalet**

**Møtedato:** 25.11.2015

---

**Sak nr.:** 15/11513-2  
**Internt I.nr.** 51543/15

**Sak:** 130/15

**Tittel:** **Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane  
vassregion 2016-2021**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gje gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021 for Sogn og Fjordane vassområde slik den ligg føre, med tilhøyrande *Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018* og *Regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021*.
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvalting.
3. Fylkestinget føreset at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorar/departement ved oppfølging av planen
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett.

**Endringsframlegg:**

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg som tillegg til tilrådinga frå fylkesrådmannen:

5. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
6. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte-/kostnadsutgreiingar.

**Avrøysting:**

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Bjørn Erik Hollevik og Marita Gunn Aarvik røysta for pkt. 5 i framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet.  
Jakob André Sandal røysta mot.

Pkt. 6 i framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gje gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021 for Sogn og Fjordane vassområde slik den ligg føre, med tilhøyrande *Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018* og *Regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021*.
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvalting.
3. Fylkestinget føreset at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorar/departement ved oppfølging av planen
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i første planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
6. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte-/kostnadsutgreingar.